



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kristin Wadsten

Arkivsaknr: 2017/483-2095/2017

Arkiv: 044

Utvalsaksnr **Utval**

31/17

Næring-, teknisk- og miljøutval

Møtedato

03.05.2017

Saka gjeld: **INTERN DELEGASJON I NTM-UTVALET 2017 - GRÅGÅS**

Tilråding:

NTM-utvalet delegerer nemnda sitt mynde til desse medlemmene i NTM-utvalet

.....i saker som gjeld reduksjonsfelling/skadefellingsløyve for grågås i 2017.

Særutskrift:

Dei valde

Saksopplysningar:

Revisjon av Forvaltningsplan for grågås er under arbeid.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har etter søknad 31.03.2017 godkjent lenging av Forvaltningsplan for grågås for kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid 2011 – 2015 til og med 31.03.2018. Dispensasjon for felling av grågås i område med tilknytning til Storevik naturreservat vart gjeve på vilkår 19.04.2017. I forvaltningsplanen er det mellom anna sett målsettingar for årleg uttak av grågås i fire tiltaksområde i Sande. Dette gjeld Voksa, Sandsøya, Kvamsøya og Gjerdsvika. I desse områda har det vore avgrensing i kvar uttaket kan skje ut frå kvar skadane har vore størst. Det kan gjennom sesongen vere behov både for å utvide områda der felling kan skje og kor mange grågås som kan fellast. Dette gjeld både i tiltaksområda i forvaltningsplanen og eventuelt nye område der det blir skade.

Tiltaksområda er organisert med ein kontaktperson i kvart område. Kontaktpersonen har ansvar for kontakten med kommunen, grunneigarane, jegerane og koordinering av jakta. Kvart tiltaksområde har vore handsama samla. Vedtak om løyve til reduksjonsfelling/skadefelling omfattar såleis fleire grunneigarar og avgrensing av kva område det kan fellast grågås i. Tal fellingsløyve og område har vorte endra etter behov.

Det har dei siste åra vore handsama fleire søknadar om løyve til reduksjonsfelling/skadefelling av grågås og utviding av tal løyve til reduksjonsfelling/skadefelling. I nye skadeområde vil det vere behov for synfaring før vedtak blir gjort. Det vil også kunne vere behov for synfaring i etablerte skadeområde.

Slike søknadar krev rask handsaming og avgjerd, noko som kan vere ei utfordring når sommaren og ferietida kjem. Det vil vere behov for å sikre rask handsaming også i denne tida.

I åra 2005 – 2011 vart Naturforvaltningsnemnda sitt mynde i saker som gjeld skadefelling av grågås delegert til leiaren i nemnda. I tilfelle leiaren ikkje var til stades, var det oppnemnt ein varaperson. Desse to avtala seg i mellom kven som til ei kvar tid skulle ta avgjerdene. Etter 2012 vart Naturforvaltningsnemnda sitt mynde delegert til kvart enkelt medlem i nemnda og leiaren var oppnemnt som kontaktperson for desse sakene. Marion F. Bringsvor var kontaktperson for NTM-utvalet i desse sakene i 2016. Ordninga har fungert godt og har sikra rask oppfølging og handsaming av desse sakene.

Larsnes, 24.04.2017

Oddbjørn Indregård
Konstituert rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef